

FRILUFTSLIVS- SOMMAREN 2020

- 1 Oppdag nye stader.**
Sjå turkart og appar for tips om berekraftig ferdsel.
- 2 Tilpass turen til eiga form, evner og vêrforhold.**
- 3 Hugs bålforbodet.**
Det er berre lov med bål på godkjende bålplassar og der det openbert ikkje kan forårsake brann. Ha med deg ved, eller bruk daude kvistar du finn på bakken.
- 4 Ta omsyn til vilt, hekkande fugl og dyr på beite.**
Skal du gjeste verneområde, så sjekk at det ikkje er forbode å ferdast. Hugs bandtvang for alle hundar.
- 5 Ta meg deg alt søppel til eigna søppelkasse.**
Etterlat berre ditt eige fotavtrykk når du er på tur. Tips: Ha med ein pose i sekken for å samle avfallet ditt.
- 6 Vis godt dovett.**
Bruk offentlege toalett dersom dei finst. Om ikkje, kan du grave det ned – ha gjerne hagespade i sekken.
- 7 Hugs å booke overnatting.**
I år er det avgrensa kor mange som kan bu i kvar hytte.
- 8 Sov gjerne ute i telt eller hengekøye, men vis omsyn til andre og sjekk kva reglar som gjeld.**
- 9 Støtt lokalt næringsliv.**
Kjøp med lokal mat og drikke – og meld deg på tur med lokale guidar.
- 10 Ver hyggeleg mot dei du møter!**
Men hugs å halde avstand.

